



Naustet i Beinavikjo er klart for riving. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eitt naust i Uskedalen er klart for sal og eitt naust er klart for riving.



Naustet på Korsnes er klart for sal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Naustet som er klart for sal og har vore budt fram i annonse nokre veker ligg på Korsnes rett innafor Gullholmen. Verditakst og prisantydning er 600.000 kroner og for det får ein eit naust med ei grunnflate på 55 kvadratmeter på ei 150 kvadratmeter stor tomt.

Naustet vart bygt i 1997 og det heiter i annonsen at eigedomen "har en meget fin beliggenhet og den er godt skjermet".

Naustet som eigaren ønskjer å riva ligg i Beinavikjo. Eigar Ingvald Haara har no skreve til kommunen og oversender "som avtalt" søknad om riving av naustet. Grunnen til at riving må skje er at stormflo har teke grunnmuren foran og drege ut massar under golvet. Riving må til for at ein skal kunne komma til for å setja opp ny mur, held Haara fram.

I det siste utkastet til reguleringsplan er området der naustet ligg regulert både til bustad og fritidseigedom.

Av Ola Matti Mathisen